

Møtereferat

Dato: 05.02.2018

Emne:	Politisk referansegruppe for ferjesambandet Stord-Kvinnherad - Møtereferat 2. februar 2018	
	Jon Askeland, HFK Stein Inge Ryssdal, HFK Peder Sjo Slettebø, Kvinnherad kommune Hilde Enstad; Kvinnherad kommune Otto Benjaminson, Kvinnherad kommune Gaute.Epland, Stord kommune Geir Angeltveit, Stord kommune	
Til stades:	Frå administrasjonen møtte: Magnus Mjør, Stord kommune Odd Ivar Øvregård, Kvinnherad kommune Håkon Rasmussen, HFK Lovise Vestbøstad, Stord kommune Helge Hopen, konsulent Sindre Lillebø, SVV Matti Torgersen, HFK	
Forfall:	Jakob Bjelland	Sak: 2016/943-31
Møtetid:	2. februar kl. 12.00-14.00	Møtestad: Stord rådhus

Møteleiar: Jon Askeland

Referent: Matti Torgersen

1. Godkjenning av referat frå møte 30. november, sjå vedlegg

Møteleiar gjennomgikk referatet. Det vart inga kommentarar.

2. Resultat frå nettapplikasjon for plasseringsforslag ferjekai, sjå vedlegg

Matti Torgersen viste til nettapplikasjon for plasseringsforslag for ferjekai. Det kom inn 1764 framlegg til ferjekai, og det vart lagt inn 332 kommentarar.

Applikasjonen bidrog til medverknad, og då den viser moglege lokaliseringar basert på lokal kunnskap. Det er også viktig å ha vurdert alle moglege konsept. Då vi ikkje veit om same person har lagt inn fleire framlegg til ferjekai, kan ikkje resultata bli tolka som representative for folkemeininga.

3. Siling i første trinn.

Helge Hopen presenterte resultata for silingsfase 1. Presentasjonen følgjer vedlagt.

Det er utarbeidd 5 konsept. Konsepta omfattar områder der det kan vere aktuelt å leggje eit ferjestø:

Konsept K1 Skjersholmane – Halsnøy/Fjellbergøya/Borgundøya
Konsept K2 Kort samband via Halsnøy
Konsept K3 Leirvikområdet - fastlandet
Konsept K4 Jektevik- fastlandet
Konsept K5 Huglo – fastlandet

I silingsfase 1 er det lagt til grunn overordna målsetting om å byggje saman Sunnhordlandsregionen og styrke felles bu- og arbeidsmarknad. For å vurdere måloppnåing er det vurdert:

- overfartstid ferje
- mogleg ferjefrekvens
- reisetid til viktige målpunkt

Konsept 1 føreset investeringar i nytt ferjestø og tilførselsveg i Kvinnherad. Nyten av desse investeringane vert vurderte som avgrensa, og måloppnåing vil vere låg.

Konsept 4 føreset investeringar i nytt ferjeleie og tilførselsvegar, og gir avgrensa/lita måloppnåing sett i forhold til kostnader/inngrep.

Konsept K5 er basert på framtidig E39 og fastlandssamband til Huglo, og kan vere ei mogleg løysing på lang sikt. Det føreset alternative investeringar i nytt ferjestø og tilførselsvegnett både på Stord og i Kvinnherad. Konsept K5 er ikkje ein løysing som kan veljast nå, men som må sjåast på som ein framtidig moglegheit.

Det vart tilrådd å arbeide vidare med konsept K2 og K3 for nytt samband Kvinnherad- Stord. I konsept K4 tar ein med ferjesamband Jektevik-Sunde i vidare vurderingar.

Politisk referansegruppe drøfta dei ulike alternativa og moglege plasseringar av ferjestø. Gruppa støtta utforminga av konsept, og støtta konklusjonane om å gå vidare med konsept 2 og 3, samt ferjesamband Sunde-Jektevik. I neste silingsfase må ein gå nærmare inn og undersøke moglege lokalitetar. I tillegg vil O-alternativet, dagens løysing, også vere med vidare.

Noen moment som det vart peikt på i samband med det vidare arbeidet:

- Viktig å vurdere konsekvensar for kollektivtilbodet. Det må sjåast på kollektivtilbodet i heile Sunnhordlandsbassenget. Her må ein også sjå dette i samanheng med ferjeavløysing for Fjellbergsambandet. Skiss blir trekte inn i neste fase.
- Kostnader og gjennomføringsmoglegheit er sentralt.
- Reisetid må vurderast knytt til fleire stader i Kvinnherad enn berre Husnes.
- Viktig å bygge saman regionen
- Det er behov for å avklare tidsaspekta ved dei ulike konsepta.
- Utbygging kan skje i to fasar.
- Kartleggje målpunkt for reisande med ferja
- Må avklare om Skjersholmane fortsett skal vere beredskapskai for trekantsambandet.
- Ferjestrekning betyr noko for frekvens, risiko for utfall og lademoglegheit.
- Arbeidet må sjåast i samanheng med vegpakkar i dei to kommunane.

Avslutningsvis uttrykte dei to ordførarane at dei har tro på at det skal lukkast med å finne fram til ei løysing.

4. Vidare framdrift for planprogram med silingsrapport

Det er fastsett eit møte 4. april. Det blir lagt opp etter hurtigbåttidene. På dette møtet skal det takast stilling til endeleg konklusjon for planprogrammet.

